



Sopranen Helga Botn – med sterk utstråling og stemmeprakt, og med Vinje Songlag på scenen. Det var mykje humor og glede i møtet mellom utøvarane. (Alle foto: Synne Aasland)

Perleporten

– ein kveld med klassiske perler

Torsdag i førre veka kunne alle fram-møtte i Vinjehuset gle seg over ei god musikalsk oppleving. Då opna store stjerner Perleporten for vårsesongen, sette døra på glytt og gav oss ein smakebit av kjent og mindre kjent musikk. Det gjorde godt og det var ikkje berre god musikk og store stemmer, det var òg ei formidlingsglede som smitta over på

publikum. Me vart rivne med!

Dei store stjernene var pianisten Arn-hild Vik, sopranen Helga Botn, bassbar-rytonen Dian Georgiev og strykekvartet-ten Charmina. Dei lokale stjernene var Vinje Songlag med dirigent Liv Lofthus i spissen saman med pianist Zbigniew Radziej. Songlaget song saman med gjestene, hadde ei eiga avdeling og stod

for tilskipinga av denne konserten. Det var mykje humor og glede i møtet mellom utøvarane!

Det er heller sjeldan ein har høve til å høyre utdrag frå opera, operettar og musikalar av store stjerner rundt omkring på lokale kulturhus, men desse sju tilreisande musikanerane turnerar rundt i landet for å formidle klassiske perler i

ei lettfordøyeleg form som er lett å kjen-ne att. Mange små smakebitar frå store verk med korte kommentarar til gjorde musikken meir tilgjengeleg for fleire av oss.

Åse Bratland
(glad tilskodar)



Dei framtmøtte i Vinjehuset kunne gle seg over ei god musikalsk oppleving med Perleporten og Vinje Songlag.



Bassbaryton Dian Gerogiev som toreador i «Carmen» av Bizet.